



SKODJE KOMMUNE

Delegeringsreglement

Vedtatt av kommunestyret

05.10.2016

Heimel for å delegere mynde:

- Kommunelova § 8 (formannskapet)
- Kommunelova § 10 (faste utval/komitear)
- Kommunelova § 13 (hastesaker)
- Kommunelova § 9 (ordføraren)
- Kommunelova § 23 (rådmannen)

Innhold

A Generelle regler for bruk av delegert mynde i skodje kommune	2
1. Hovudregel.....	2
2. Tilbakekalling av delegert mynde	2
3. Saker av særskilt art	2
4. Klage og omgjæringsrett	2
5. Lovlegheitskontroll	3
6. Rapportering av vedtak gjort etter delegert mynde	3
7. Retningslinjer for utøving av fullmakt	3
8. Rullering av vedteke delegeringsreglement	3
B Generelle regler for skodje kommunestyre.....	4
C Delegeringsreglement for skodje formannskap.....	5
1. Val og samansetting	5
2. Oppgåver og mynde	5
3. Delegering i personalsaker	5
4. Delegering i økonomi- og finanssaker	5
5. Delegering etter særlov	5
6. Delegering i klagesaker.....	6
D Delegeringsreglement for det faste planutvalet	6
1. Val og samansetting	6
2. Oppgåver og mynde	6
E Delegeringsreglement for komitear	6
1. Val og samansetting	6
2. Oppgåver og mynde	6
3. Komiteleiareren.....	7
F Delegeringsreglement for administrasjonsutvalet	7
1. Oppgåver.....	7
G Delegeringsreglement for forhandlingsutvalet	7
1. Oppgåver og mynde	7
H Delegeringsreglement for ordføraren.....	7
I Delegeringsreglement for rådmannen	8
1. Heimel.....	8
2. Delegering i personalsaker	8
3. Delegering i budsjettsaker.....	8
4. Tilvisingsmynde.....	9
5. Delegering i plansaker.....	9
6. Delegering til rådmannen og vidare i organisasjonen i særlovssaker.....	9
7 Delegering i andre saker.....	9

A Generelle reglar for bruk av delegert mynde i Skodje kommune

1. Hovudregel

- a. Kommunestyret, som er det direkte folkevalde organet, er kommunen sitt fullmaktsorgan, og har i utgangspunktet all avgjerdsmynde i kommunen.
- b. For å få ei tenleg styring av kommunen, kan kommunestyret gje andre politiske organ, ordføraren eller rådmannen mynde til å opptre på sine vegne. Slik overføring av avgjerdsmynde vert kalla delegering.
- c. Alt delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gitt av kommunestyret og innanfor budsjettets rammer og føresetnader.
- d. Ei sak vert oppfatta som ikkje prinsipiell, og kan delegerast, når det ligg føre lover, retningsliner e.l. for korleis ho skal handsamast, og / eller ein har praksis frå handsaming av tilsvarande saker.
- e. Ordføraren er kommunen sin rettslege representant og skriv under på vegne av kommunen om ikkje anna er bestemt.

2. Tilbakekalling av delegert mynde

- a. Kommunestyret kan når som helst utan nærare grunngjeving tilbakekalle delegert mynde, og krevje avgjerdsmyndet tilbakeført til seg sjølv når ikkje anna er bestemt i lov.
- b. I medhald av [kommunelova § 10 og 10a](#) kan kommunestyret når som helst omorganisere eller legge ned faste utval og komitear.
- c. Kommunestyret kan når som helst trekkje attende fullmakter som er tildelte andre.
- d. Kommunestyret kan gjere vedtak i sak der vedtaksmynde elles er tildelt andre.
- e. Kommunestyret kan også av eige tiltak gjere om vedtak som er gjort av underinstans, jfr. [§ 35 i forvaltningslova](#).

3. Saker av særskilt art

Den som får delegert mynde, kan be overordna organ om å ta avgjerd i saker av særskilt art.

4. Klage og omgjeringrett

- a. I medhald av [§ 28 i forvaltningslova](#) kan ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka, påklage enkeltvedtak (til det forvaltningsorgan (klageinstans) som er nærast overordna det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket).
- b. Klageinstansen eller eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit underordna organ sitt vedtak, i samsvar med [forvaltningslova § 35, 4.ledd](#).
- c. For enkeltvedtak gjort av formannskapet er kommunestyret klageinstans.
- d. For enkeltvedtak gjort av andre underliggende organ eller rådmannen etter delegert mynde er formannskapet klageinstans dersom anna ikkje er regulert i særlov.

5. Lovlegheitskontroll

- a. I medhald av [kommunelova § 59](#) kan 3 eller fleire medlemer av kommunestyret saman bringe eit vedtak gjort av eit folkevald organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet for kontroll av om vedtaket er lovleg.
- b. Krav om lovlegheitskontroll skal settast fram for det organ som har fatta vedtaket. Dersom organet opprettheld vedtaket skal saka sendast til departementet.
- c. Organet som har fatta vedtaket, organet som er overordna dette eller departementet kan beslutte at vedtaket ikkje skal iverksettast før lovlegheitskontrollen er avgjort.
- d. Ved lovlegheitskontroll skal det takast stilling til om vedtaket er:
 - lovleg innhaldsmessig
 - gjort av nokon som har mynde til å gjere slikt vedtak
 - blitt til på lovleg måte.
- e. I medhald av forskrift om tidsfrist m.m. er frist for å kreve slik lovlegheitskontroll 3 veker frå det tidspunkt vedtaket vart fatta.
- f. Departementet kan på eige initiativ ta eit vedtak opp til lovlegheitskontroll. Departementet skal oppheve vedtaket dersom det er gjort slike feil at det er ugyldig.

6. Rapportering av vedtak gjort etter delegert mynde

Rådmannen gir kommunestyret regelmessig skriftleg orientering om administrative vedtak og status for politiske fatta vedtak.

7. Retningslinjer for utøving av fullmakt

- a. Alt delegert mynde må brukast i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer gitt av overordna organ, og innanfor budsjettet sine rammer og føresetnader.
- b. Kommunestyret kan av omsyn til personvernet vedta at andre folkevalde organ eller visse type saker i andre organ, skal handsamast for stengde dører, jfr. [Kommunelova § 31 nr. 4 og 5](#).
- c. I alle vedtak skal det visast til kor det er heimla juridisk og i delegeringsreglementet.

8. Rullering av vedteke delegeringsreglement

Kommunestyret skal gå gjennom og vurdere delegeringsreglementet minimum ein gong i løpet av valperioden og elles etter behov.

B Generelle reglar for Skodje kommunestyre

- a. Skodje kommunestyre har 21 valde representantar og er det øvste styringsorganet i Skodje kommune.
- b. Skodje kommunestyre skal handsame alle saker som etter lov ligg til kommunestyret. Alle prinsipielle og overordna saker skal i utgangspunktet handsamast av kommunestyret.
- c. Kommunestyret gjer vedtak på vegne av Skodje kommune såframt dette myndet ikkje ligg til andre organ gjennom lov eller delegert vedtak.
- d. Kommunestyret har gjennom reglement og vedtak i enkeltsaker delegert mynde til underliggende organ, til ordføraren og rådmannen. Dette myndet kan når som helst trekkast tilbake utan nærare grunngjeving.
- e. Kommunestyret vedtek møtereglement for seg sjølv og underliggende politiske organ.
- f. Kommunestyret sjølv har leiinga av den kommunale planlegginga. Kommunestyret skal sørge for at plan- og bygningslovgevinga blir følgt i kommunen. Kommunestyret skal vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan.

C Delegeringsreglement for Skodje formannskap

1. Val og samansetting

- a. Formannskapet skal ha 7 medlemmer.

2. Oppgåver og mynde

- a. Formannskapet handsamar framlegg til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak i samsvar med [§ 8 i kommunelova](#).
- b. Formannskapet drøftar og førebur saker som skal avgjerast i kommunestyret unnateke saker som kommunestyret har tildelt andre organ i medhald av kommunelova.
- c. Formannskapet har mynde til å gjere vedtak i saker som skulle ha vore gjort av kommunestyret eller andre folkevalde organ, når det er naudsynt at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn dette, jf. [kommunelova § 13](#). Melding om slike vedtak skal leggst fram for kommunestyret eller det folkevalde organet som skulle gjort vedtaket i kommunestyret/organet sitt neste møte.
- d. Med vanleg fleirtal kan formannskapet vedta å be om at kommunestyret gjer vedtak i sak som formannskapet har delegert mynde til å avgjere.
- e. Formannskapet kan oppnemne arbeidsutval blant medlemmane til å bistå seg i arbeidet.
- f. Formannskapet vel 3 medlemmar til forhandlingsutval og mellom dei leiar og nestleiar. Medlemmane skal velgast blant formannskapet sine medlemmar etter reglane i [kommunelova § 10 nr.3](#). Rådmannen utpeikar sekretær for utvalet.
- g. I medhald av [kommunelova § 25](#) skal det vere eit partssamansett utval, eit administrasjonsutval, for handsaming av saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet skal ha 6 medlemmer. 3 av desse skal veljast blant formannskapet sine medlemmar, rådmannen oppnemner ein og 2 blir valde blant dei tilsette for 2 år i gongen. Formannskapet vel leiar og nestleiar. Dei folkevalde medlemmane og rådmannen sin representant blir valde/oppnemnde for heile valperioden. Rådmannen oppnemner sekretær for utvalet.
- h. Formannskapet skal bli halde løpande orientert om høyringar som det kan bli gitt uttalar om.

3. Delegering i personalsaker

- a. Formannskapet får mynde til å inngå sentrale avtalar og protokollar med arbeidstakarorganisasjonane.
- b. Formannskapet innstiller til kommunestyret ved tilsetjing av rådmann.

4. Delegering i økonomi- og finanssaker

- a. Formannskapet gjer vedtak i økonomi- og finanssaker i samsvar med mynde gitt i økonomi- og finansreglement.

5. Delegering etter særlov

I lenkja [KF Delegering](#) finn ein oversikta over all delegering i kommunen frå kommunestyret og heilt ut i einingane. Her kjem det fram kva for paragrafar/ handlingar innanfor lova som er delegert til kven.

6. Delegering i klagesaker

- a. Formannskapet er kommunen si klagenemnd (klageinstans), jf. [forvaltningslova § 28, 2. ledd](#) for enkeltvedtak gjort av underliggende organ eller rådmannen (underinstansen) etter delegert mynde.
- b. Underinstansen som fatta vedtaket i medhald av [fvl. § 33](#), skal gjennomføre nødvendige granskingar som klaga gjev grunn til før klageinstansen handsamar klaga.
- c. Dersom vilkåra for klagehandsaming ikkje er oppfylte, skal underinstansen avvise klaga, jf. [fvl. § 34, 1. ledd](#).
- d. Unnateke bestemmelsane i pkt. a. og b. er når særlov viser til at departementet eller fylkesmannen er klageinstans.

D Delegeringsreglement for det faste planutvalet

1. Val og samansetting

- a. Det faste planutvalet skal ha 7 medlemmar.
- b. Alle parti som er representert i kommunestyret skal vere representerte i det faste planutvalet. For øvrig gjeld reglane om val i kommunelova § 8.

2. Oppgåver og mynde

- a. Det faste planutvalet handsamar og innstiller til kommunestyret i saker knytt til gjennomføring av den kommunale planlegginga i medhald av [pbl. § 3-3](#), kap [11](#) og [12](#)
- b. Det faste planutvalet har mynde til å gjere vedtak om dispensasjon i medhald av [pbl. kap. 19](#) og til å legge ned bygge- og deleforbod i medhald av [pbl. kap. 13](#).

Oppgåver knytt til [pbl. kap 11, 12, 13 og 19](#) finner ein nærare omtala i denne lenkja [KF Delegering](#).

E Delegeringsreglement for komitear

1. Val og samansetting

- a. I medhald av [koml. § 10 nr. 5](#) kan kommunestyret opprette komité(-ar) til førebuande handsaming av saker og til å utføre særskilte verv. Slik komité kan tildelast mynde til å avgjere enkeltsaker som har direkte tilknytning til komitéen sitt oppdrag.

2. Oppgåver og mynde

- a. Kommunestyret vil i det enkelte tilfelle tildele oppgåver og mynde til komiteen og skal minst omfatte kven som skal leie komiteen, oppdragets omfang, når oppdraget skal vere ferdig, administrativ ressurs og økonomisk ramme.
- b. Kommunestyret oppløyer komiteen når oppdraget er utført.

- c. Komiteen kan gjennomføre opne høyringar av konkrete saker, eller for å klargjere ulike saksforhold. Komiteen står fritt i høve til kven dei ønskjer å kalle inn til slike høyringar.
- d. Komiteen kan samarbeide med lag, organisasjonar og enkeltpersonar.

3 Komitéleiar

- a. Skal sørge for at arbeidet i komiteen blir utført planmessig og rasjonelt og i samarbeid med rådmannen. Det inneber m.a. at det skal lagast ein framdriftsplan.

F Delegeringsreglement for administrasjonsutvalet

1. Oppgåver

Administrasjonsutvalet skal vere rådgjevande organ for kommunestyret i følgjande type saker:

- a) Endring av overordna organisasjonsstruktur
- b) Personalpolitiske planar og retningsline
- c) Andre saker som kommunestyret måtte legge fram for utvalet

G Delegeringsreglement for forhandlingsutvalet

1. Oppgåver og mynde

- a) Førebu og gjennomføre forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane så langt dette myndet ikkje er delegert til rådmannen
- b) Inngå arbeidsavtale/arbeidsvilkår for rådmannen
- c) Gjennomføre lønsforhandlingar med rådmannen

H Delegeringsreglement for ordføraren

- a) I medhald av [kommunelova § 9](#) kan kommunestyret gje ordføraren mynde til å fatte vedtak i enkelsaker eller typer av saker som ikkje er prinsipielle, ikkje er i strid med vedtak, enkeltvedtak eller reglement fatta av kommunestyret, eller etter delegert mynde til andre politiske organ eller rådmannen. Ordføraren orienterer kommunestyret om vedtak i slike saker.
- b) Gje høyringsuttalar og uttale seg til andre myndigheiter om konkrete spørsmål eller saker som ikkje er tillagt politiske organ. Formannskapet skal bli orientert om uttalar gitt av ordføraren
- c) Er kommunen sin representant i styre, representantskap, styringsgruppe eller tilsvarande i kommunale foretak, interkommunale eller andre samarbeidsorgan der kommunestyret ikkje

har gjeve dette myndet til andre. Ordføraren kan vidaredelegere mynde til andre i formannskapet.

- d) Føre drøftingar med andre offentlege myndigheiter og andre i samband med planlegging og bygging av infrastruktur.
- e) Sørge for å sette i verk tiltak i Strategisk næringsplan og opprette/utvikle god kontakt og samarbeid med alle aktuelle partar.
- f) Gjere økonomiske disposisjonar innafor ansvarsområdet politisk styring.
- g) Ordføraren kan anmelde og begjære påtale på vegne av Skodje kommune.

I Delegeringsreglement for rådmannen

1. Heimel

- a. Med heimel i [kommunelovas § 23, punkt 4](#), gjev kommunestyret rådmannen mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning, dersom ikkje anna er bestemt andre stader i reglementet.

2. Delegering i personalsaker

- a. Med heimel i [kommunelovas § 24](#) gjev kommunestyret rådmannen mynde til å opprette og legge ned stillingar.
- b. Atterhaldet for slik delegering er at endringane ikkje er i konflikt med mål og prioriteringar i kommuneplan, økonomiplan, årsbudsjett eller andre politiske vedtak, eller endringane ikkje er av prinsipiell betydning.
- c. Med heimel i [kommunelova §§ 23 og 24](#) gjev kommunestyret rådmannen mynde til å tilsetje i alle stillingar.
- d. Tilsetjingsmyndet skal utøvast i samsvar med reglane i Hovudavtalen.
- e. Rådmannen får mynde til å gjennomføre forhandlingar med tilsette i samsvar med reglane i Hovudtariffavtalen.
- f. Kommunestyret gjev rådmannen mynde til å avgjere alle personalsaker der ikkje anna er bestemt i tariffavtale, hovudavtale, arbeidsmiljølov eller i dette reglement.

3. Delegering i budsjettsaker

Med heimel i kommunelova og føresegner frå Kommunaldepartementet gjev kommunestyret rådmannen mynde til:

- å disponere beløp innanfor same ansvarsområde.
- å gjennomføre pliktige strykningar for å gjere opp driftsrekneskapan utan underskot.
- å ta opp lån og godkjenne lånevilkår for lån som kommunestyret har vedteke etter [kommunelova § 50](#), samt etter gjeldande rekneskapsforskrifter og økonomi- og finansreglement om avdragstid og andre vilkår.
- å konvertere eldre lån dersom avdragstida er uendra.
- å delegere vidare det budsjettmyndet han har fått.

4. Tilvisingsmynde

Rådmannen har tilvisingsmyndet.

5. Delegering i plansaker

- a. Rådmannen har mynde til å inngå avtale med private om utarbeiding av områdeplanar, samt bestemme samtidig handsaming av reguleringsplan og byggesak.
- b. Private tiltakshaverar kan stå for utarbeiding av reguleringsplan i ein prosess styrt av kommunen. I dei høva skal det gjerast avtale mellom rådmannen og den private tiltakshavaren om korleis planarbeidet skal utførast.
- c. Rådmannen får fullmakt til å forlenge planvedtaket etter søknad. Dersom saka er av prinsipiell karakter, skal spørsmålet leggast fram for formannskapet til vedtak. Vedtak om forlenging av planen skal kunngjerast i samsvar med plan- og bygningslova med høve til klage.
- d. Rådmannen har fullmakt til å vedta mindre endringer innafor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. [Plan- og bygningslova § 12-14](#).

6. Delegering til rådmannen og vidare i organisasjonen i særlovssaker

Kommunestyret gjev rådmannen mynde til å forvalte kommunen sine interesser etter særlover slik det kjem fram [her](#), og til å gjere vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, så langt lova gjev høve til det.

Rådmannen kan delegerere mynde han sjølv har fått delegert vidare til administrasjonen med mindre særskilde reglar er til hinder for det.

KF Delegering

7 Delegering i andre saker

- a. Kommunestyret gjev rådmannen mynde til å selje næringsareal og inngå kontraktar om salgsvilkår.
- b. Kommunestyret gjev rådmannen mynde til å inngå kontraktar og avtalar av operativ karakter (ikkje prinsipiell karakter) med inntil 5 års varighet.
- c. Rådmannen kan anmelde og begjære påtale på vegne av Skodje kommune.